



Laget som gjorde teneste i dag var Liv Hansen, Kjellaug Rød og Britt Arnesen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjølv om maksimalprisen som namnet fortel er berre 10 kroner selde tysdagskafeen TI-aren i Gamleskulen i 1jor for rundt rekna 48.000 kroner og hadde 1382 vaksne gjestar. Dei tilsvarande tala for 2009 var avrunda 50.000 kroner og 1498 vaksne.

Det er Uskedalen Utvikling som eig Gamleskulen og driv kafeen. Han vart starta i september 2007 og har vore eit vellukka tilbod.

TI-aren hadde i fjor ope 52 dagar hvis ein også reknar med 2 strikkekafeer på kveldstid. Omsetnaden her var rundt 1.000 kroner som også er rekna inn i dei 48.000. Rekordomsetnaden i fjor på ein dag var 1.765 kroner.

Det var ikkje berre uskedelinger som var innom i 2010, det kom også turistar og Husnesfolk, til dømes frå dagsenteret.

Det er ein solid stab på 24 kvinner leia av Berit Harriet Døssland som står for drifta av TI-aren. Dei er delt inn i 8 lag med 3 på kvart og gjer ein stor dugnadsinnsats.

Ved starten for snart 3 1/2 år sidan melde det seg 18 til teneste og denne flokken er altså auka med 2 lag etterkvart.

Så langt i 2011 har TI-aren hatt ope 7 gonger hvis ein reknar med ein strikkekafe. Besøket har vore noko varierende så langt og toppen vart nådd tysdag i førre veka med 45 vaksne og 12 barn. I dag var det 31 vaksne og 6 barn

Berit Harriet forklarar nedgangen i besøket i fjor med at det i 2009 var eit større innslag av mødre med små barn. Men no er denne gruppa iferd med å ta seg opp att. Det er også eit større besøk av vel vaksne uskedelinger. Det gjeld ikkje minst menn!

Av Ola Matti Mathisen